

må hava sann gror inn i det, so det ikkje visnar eller forkjemst. Arbeidet vårt, vil me gjera med kraft ifrå han som reiste seg sjølv or dauden og vart ei livande kjelde til å ausa av for alt liv som skal vara.

Lars Eskeland.

## Sorg og trøyst.

«Renn upp yver grav du signa sol! Min Jesus, lat strålar strøyma og lysa meg inn til nådens stol, når her dei i grav meg gøyma: So heim eg kann fara i ditt ljos og striden i gleda gløyma!»

Det var tunge dagar for Maria og Marta då Lazarus låg sjuk. Dei sende bod til Jesus og sa: «Herre, sjå den som du elskar er sjuk.» Men sjukdomen vart verre og verre, og Jesus kom ikkje. Og Lazarus slokna, og dei laut leggja han i gravi — og Jesus var ikkje kome. Då vart dagane myrke. Sut og sorg sette seg i høgsete.

Slikt hender dagstøtt i heile verdi. Dei vonar og dei ventar, dei lid og dei lengtar; men sjukdom og daude herjar like hardt. Ingen er trygg, korkje i herresal eller i husmannstova. Visdom og rikdom, makt og æra vert berre vanmakt mot dauden.

Finst der då ingi bering for oss?

«Kvi grundar du på det?» segjer sume. «Jag desse tankane burt! Her er då so mykje å gjera, og her er so mykje gildt og godt å njota. Ein fær nøyta dagane medan ein hev dei, og ikkje gjera seg livet myrkare enn det er.»

Ja, det er altsaman godt og vel, so lenge me gjeng her friske og sterke; men når vonene brest, og helsa er burte, og sjukdom og sorg vert vårt daglege brød, då er det lille trøyst i slike tankar. Då vert alle gode ting i dette livet som mold i munnen vår.

Finst der då ingi bering for ein sjuk og døyande mann?

Jau, der er von um bering, endå

um du er kome like inn i dauden, for Jesus kjem til oss, når me sender bod etter han, likso vel som han kom til syrgjehuset i Betania. Han kjem til dei, som græt yver synd og saknad. Han græt med dei, han talar kjærleg til dei og segjer: «Eg er uppstoda og livet; den, som trur på meg, han skal liva um han og dør.» Og når so me legg fram for han all tvilen vår og all sorgi vår, liksom Maria gjorde, so svarar han so kjærleg og fast: Sa eg deg ikkje, at um du trudde, skulde du sjå Guds herlegdom?»

Og so gjeng Jesus med oss like ut til gravi. Han ser alle sine brør og systrer, som stend og græt kring gravene. Jesus græt med oss; men han græt ikkje i vonløyse soleis som me ofte gjer.

Han lyfter augo upp til sin og vår far, og so bed han ned frå himmelen den livsens kraft, som kann reisa dei daude av gravi.

Etter Jesus kom til oss, er ikkje dauden lenger det siste og det sterke i mannaheimen. Livet er sterke. Dauden er vorten «ein innangang til livet». Det er den Guds herlegdom, som dei kristne fær sjå.

Men synd og sut gjer augo dimme, so dei ser det ikkje. Difor gjeng so mange enno i vonløyse og i myrker.

Um dei vilde senda bod til Jesus! Han elskar dei alle og hev gjeve sitt hjarteblad for dei. Um dei vilde senda bod til Jesus og klaga si synd og sin såre sut for han, dei skulde kjenna, at det lettar! Ja det lettar å få gråta ut hjå Jesus, og det ljosnar i hjarta, når han fær tala til oss. Voni vaknar ved hans ord. Me kjenner livsens krefter strøyma inn yver oss. Å, kunde me berre opna hjarta vårt og taka imot all hans rike kjærleik, då skulde korkje synd eller daude ha va slik ei makt yver oss, me skulde ikkje stå so vanmektige og modlause i all verdens synd og sorg. Gret me ut med Jesus, og tok me mot livskraft og livsvon frå Jesus, so

skulde ikkje vår kjærleik både til Gud og mann vera so kald, som han no er i mange. Då skulde fleire av oss både hava noko til å liva for og noko til å døy på.

«I Jesus eg liva vil og døy, med honom eg lid og strider. Og må eg so visna her som høy, han skapar då nygrostider. Då livet so vent or grav skal gro som vårgull og lauv i liden.»

Bernt Støylen.

## Bladmannaskulen

gjev upplæring i bladarbeid ved brevbytte. Plan fritt.

Bladstyrar HANS AARNES,  
Bygdøy, Oslo.

## Solglimit

måndagsblad for Norsk vanføresak — kjem ut i Alvøy, pris kr. 2,00 um året. Meldingar, utgreidningar um saki frå inn- og utland, forteljinar o. a. Styd vanføresa ki ved å tinga bladet!

## FRAM

14-dagleg tidsskrift, utgjeve av studentmållaga i Oslo, Nidaros og Aas. Kostar berre kr. 1,50 kvartalet. Fritt og friskt.

## Bondeungdomslaget, Stavanger

Matstova, Øvre Holmegt. 20  
Kaffistova, Torget 6  
Kaffistova, Østervåg 25.  
GOD MAT OG GODT STELL.

## Kaffistovene åt mållaget Haugesund.

Telefongården Torget og Haraldsgt. 126  
ved Landmannstorget.  
Framifrå stell.  
Beste og billegaste matstover i byen Husbunad i norsk stil.  
Stort bladhald.

STILLE STUNDER kjem ut i Volda kvar 14. dag og kostar med sendepengar kr. 3.00 for året. Tingarsamlarar fær for 5 løyste blad det 6te fritt. Kan tingast på alle poststadar i landet. Uppsegjingar av bladet må vera komne til sendestova innan utgangen av halvåret. Elles stend tingingi fast. Tilskrift til styret og sendestova er fru sokneprest Barstad, Volda



Nr. 7.

15 april 1935.

47. årgangen.

## Palmesundag.

I sitt 2. brev bed apostelen Peter kyrkjelyden akta vel på det livan de ordet, som er som eit ljos, som skin på ein myrk stad, til dagsljøset bryt fram. Soleis fører ogso Gud ættene fram frå myrkret til ljos, frå von og venting til oppfylling. — Peter hadde vore med Herren på Klåre-berget; han hadde vore vitne til møtet millom dei store ånder av Israels folk frå gamle dagar, dei som med sin gjerning hadde sameint lovi og profetane, Moses og Elias, han hadde vore vitne til møtet millom dei og Jesus. Og der dei mottest, der fann Peter det var godt å vera; for der ættene fy hev ligt i von og venting, der hev guds-venene med sin tale spreidt ljos i myrkret. Og so sterkt er dette ljøset, at det godt toler gransking av vitskapen, ja den strengaste dom. Det ljøset som trengde seg gjennom Israels folk vil aldri slokna; for det er frå honom som kunde sega: «Eg er ljøset åt verdi; den som fylger meg, skal ikkje ganga i myrkret, men hava livsens ljos.»

For kva er profetordet? Det er den inste trøng i folkesjeli til utoleysing og frelse, det er mennesket sitt hjartesukk etter det fullkomne; det er livsens trå etter hjelp av ei makt som er so sterkt, at ho kann taka oss heilt i si teneste. Det er ætti si torv og trå etter å nå fram til Gud, på same tid som det er den almektige Guds løvnad og tilsegn um, at ein ikkje skal vona og ven ta, strida og liva i måfå, men nå

fram til honom som er upphavet og der finna kvile.

Lat oss taka vare på profet-ordet, lat oss ikkje gløyma fyrebuingstidi og Guds tale til oss gjennom den. Der er vel ingen betre læremester til å opna ånd og hjarta for Guds rike. Der er heller ikkje klærare biletet på menneska si leiting enn desse vitnemål av profetane gjennom mange lange myrke tider til denne dag. Den sukkens som likesom er umkvedet i den gamle tid: «Mi sjel lengtar etter Herren», den sukkens er avløyst av denne ljose sigeressongen: «Den signade dag som no me ser på himmelen fagert renna, Gud lyser for oss i all vår ferd so me kann hans kjærleik kjenna».

Vår kristne tru, og det livssyn som byggjer på den, ser i Jesus Kristus det livende midtpunkt for alle ætter og tider, det som alle stundar etter og ventar hjelp av. Difor er det at kvar sundag i kyrkjeåret fører oss eit stykke fram til forståing og tilvending av den sanning som er i Jesus Kristus, og den frelse som Gud hev etla alle folk. Noko av denne soga fær me idag i teksti for palmesundag; og me fær dertil ei avslutning på soga; ein stend ikkje lenger i halvmyrkret og ventar, som i den gamle pakt. Palmesundag samlar for oss biletet av Jesu Kristi person, so som han leid og streid, medan han vandra umkring millom folket sitt. Det er liksom denne dagen samlar for oss alt frå krubba til Nazaret, frå Nazaret til Kapernaum, frå Kaper naum til Jerusalem, samlar i eitt

bilete Jesus Kristus, Guds einborne son, Vårherre, undfanget av den heilage ande, fødd av Maria møy, — profeten mektig i ord og gjerning, han som med sitt kongeord fekk sjukdom til å rema, dreiv djellar ut, fekk daude til å stå upp, bylgja til å leggja seg og brødet til å veksa til signing for mange, — biletet av han som var til signing for alle, og som kunde sega desse store ord: «Kven av dykk kann segja meg saka i nokor synd», — biletet av eit liv livt i lyndad og offerhug under fars vilje.

Han hev gjort alle ting vel. Det samlar seg for vårt syn og hjarta biletet av Kristus soleis som det tedde seg for oss igjenom kyrkjeåret frå advent og til idag. Gud gjeve, at Jesu Kristi liv på jordi, frå jolekvelden og til palmesundag, må få gjera sitt verk i oss, ikkje berre i den kyrkjelege tru og takk, men også i sjølvé kyrkjelyden, so Guds rike vert fremja imillom oss. Her hev kyrkjelyden, og alle lærarane som vil tena Guds rike på jordi, og alle kristelege heimar ei serskilt oppgåve av det største verd.

Barne- og ungdomshugen let seg lettast leida og påvirka av det personlege. Lat dei få møta Jesus Kristus! Er tidi arm på reine høge mynster, som kann få makt over den unge, kvi grip me ikkje då til Jesu Kristi fullkomne og herlege person? Var me sjølvé gripne av denne, so måtte me som hev vigt våre krefter og evnor i hans tenest i vår heim og vår skule og vår for

kynning gjera alt til, at Jesu reine heilage og fullkomne person kann stå fram livande og med därande makt over dei sinn som skal emnast ut for det vanskelege livet.

Eg veit det, og gløymer det ikkje, aller minst idag, at palmesundag ikkje er nok. Det er ikkje nok å hava eit livssyn som gjev samanhenget i tid og ætt, og heller ikkje er det nok at eg ser den reinaste og høgaste millom menneskja. Eg må hava det avgjerande motet med honom som det heiter um idag: «Sjå din konge kjem».

Me gjer oss til av all kultur og daning i vår tid, — alle dei gode tankar og alt strev fram mot betre tilstand. Me gløymer so alt for ofte, at dette er ei frukt av den kristendomen som hev gjenge vekkande gjenom landi, ei avleiring av Jesu Kristi evangelium. Eg tenkjer på mitt eige folk. Det var kanskje ikkje stort meir enn palmesundag me vann å halda den fyrste tid etter at landet var kristna; men det var då av det største verd dette at dei kunde innleida si samfundsordning og sitt lovverk med desse ord: «Me bøygjer oss og bed til den kvite Krist». Kristendomen hev fra dei eldste tider lagt si därande makt ogso over vårt folk og hev halde denne vedlike til idag; det er altsaman ei velsigning av palmesundagen. Men, me stoggar ikkje der, kultur og sedskap og manne-milde det er då berre attatting. Me vert ikkje frelse, me vert ikkje utsøyste, me kann ikkje vinna livsens krune dermed. Derfor er det, at palmesundag for den kristne lyden er meir enn ein avslutnad; han er i innleiding.

No kjem stille-vika. Men her hender det ofte, at menneskja sin tanke ber imot og segjer: «Me skynnar alt det andre som hev kome med kristendomen, men dette med langfredag det skynnar me ikkje, og det hev me ikkje bruk for.» Herimot hev Kristi lyd til alle tider vitna, at det hadde vore lite hjelp i all von og venting, um profetordet ikkje hadde natt lenger enn til palmesundag. Men det rekk lenger. Og det som finn form i profetordet um honom som er såra for våre missgjerningar, og han som all straff vart lagd på — det som ligg i dette ordet og som rekk til lang-

### Våren.

*Velkommen etter du fagre vår!  
— nei, ven er no eine du! —  
med liv so rikt som mot ljuset trår,  
med lengting, med von og tru.*

*Velkommen etter med fuglar små,  
som leikande syng i lund!  
Det er vel huglegt å lyda på  
ved solsprett um morgonstund.*

*Velkommen etter med sol so blid,  
som høgt på himmelen stend! —  
som gyller so vent uppeter lid  
og flymmer kring gard og grenad.*

*Då losnar og brester dei stive band,  
som vetteren so fast batt til;  
då blømer det blidt um fjell og  
strand,  
og fjorden ligg med ein smil.*

*Velkommen etter med arbeidskveik  
til kvar som eit yrke fekk!  
Me ikkje alltid med smil og leik,  
men tungt til vårt arbeid gjekk.*

*Velkommen etter med dagen blid!  
Gud lær oss å nyta han!  
Du signe vår dyre arbeidstid —  
sign ho for møy og for mann!*

*Velkommen etter med soleglad  
i vanaste kveldsolsbrand!  
Då veit me oss visst ein kvilestad —  
eit endå fagrare land.*

R. GLOMNES.

fredag, i det er det me finn vår utsøyning og vår frelse.

Lat dei granska i den store løyndomen med soning og utsøyning; — dette veit eg, og det vil eg gjerne vitna idag: han er død for oss, med sin lekam på krossen bar han alle våre synder; dette veit eg med heile Guds kyrkjelyd. Eg stansar ikkje i mi tru, eg gjeng vidare og segjer: Eg trur på Jesus Kristus, pint under Pontius Pilatus, krossfest, død og gravlagd, for meg og for all ætt. Dette er vår tru, at Kristus hev gjeve seg sjølv for oss og kjøpt oss fri, og det er difor han er den einaste som hev prova at han er son av Guds kraft og herlegdom ved at han stod upp frå dei daude.

Kjære vener, dette er samanhenget at der liver og arbeider imillem oss ein kyrkjelyd, tett samla um Herren, som hev makt i him-

melen og på jordi og med offervilje til framleides å tena ætti med sanning og livsens gave, til han kjem att og tek sine med seg til æveheimen.

Og til slutt dette: Det kann lite hjelpa oss alt det Gud hev gjort, det kann lite hjelpa oss alt det Jesus hev vunne, det kann lite hjelpa oss alt det lyden eig, dersom me ikkje fær vår lut i det. Ein for ein gjeng me inn i Guds rike; kristendomen er ei personleg sak. Gud gi ve då, at me fær høyra dette: «Sjå din konge kjem til deg»; og at me kann svara frå vår eigi tru: «Kom Jesus og ver med oss, og Gud gjeve oss nåde til å vera i pakt og livssamfund med honom som hev sendt oss Gud Faders signing. Høglova vera han no og i all æva.

Etter biskop Wexelsen.

### Livande vatn.

*Kvar den som drikk av  
dette vatnet, vert tyrst att.  
Men den som drikk av det  
vatnet eg vil gjeva honom,  
vert aldri tyrst meir, for det  
vatnet eg gjev honom, vert  
i honom til ei kjelde som  
vell upp til ævelegt liv.*

Joh. 4, 13, 14.

Under alt arbeid og all strid med å gjera det godt for dette livet gjeng det ein understraum av trøng gjennom mannahugen etter noko som er meir enn det me ser, og meir enn verdi kann bjoda. Og denne trøngen er vårt sanne sermerke millom alt det som hev med mold å gjera, og det rette prov på at me er av Guds ætt og runne or hans liv, og at me lyt liva og røra oss og vera til i han. Israel var sterke og heilare i dette enn noko anna folkeferd; det var den utvalde ætt.

Dei gamle forfedrane våre bar og denne trøngen i hugen, og dei song med sterke ord um livsens liding, og um lækedom. Og aldri fann ein skald eit større bilet på dette enn det som Voluspå-skalden måla ut når han syng um Yggdrasit-Asken, som rekk ifrå det nedste djupet i tøkeheimen og upp under det høgste himmelloft, der ljosken frå Balder og Breidablik altid rår. Treet lid usegjande vondt, meir enn menn

sjølv var han livet, det samme livsens vatn.

Samaritankvinna hadde leita etter livet med sterk trå, og ho gjekk og bar på eit djupt spursmål um korleis ho skulde vinna noko meir enn ho hadde vunne. Ho hadde meint ho kunde finna alt ho trengde i jordisk elskhug, som millionar av andre både fyrr og seinare. Men det vart ikkje nok; det gav ikkje freden, den fred som er so stor at alle krav tegjer og hjarta frygdar seg i usegjande sæla, medan dei øvelege livskrafter rører seg i ein. Men Jesus kom til henne; han møtte henne nett i kvardagsstrævet og bad henne um vatn til å svala torsten sin med. Og då ho undra seg, var det han sa til denne kvinnen som hadde fare so vilt, noko av det herlegaste, som er tala på jordi. Ho skulle beda han um drikke, so skulde han gjeva henne livande vatn. «Den som drikk av det vatnet eg vil gjeva honom, han skal i all æva ikkje verta tyrst; for det vatnet eg gjev honom, vert i honom til ei kjelde med vatn som vell upp til ævelegt liv.»

Forunderlege ord! Det er ord som flytter himmelen til jordi, det er ord som speglar av vår eigen inste trøng.

Me er alle på leiting etter dette livande vatnet, anten me veit det eller ikkje. Dei fleste leitar etter det mange stader. Og me meinar at då og då skal me finna det eller hev me funne det. Men so hender det gjerne, at når me hev drukke av denne brunnen ei stund, so tek han til å verta turr, og inni oss kjenner me torsten meir enn nokor tid fyrr. Me ser oss um etter ein annan brunn: Og det gjeng sameleis. Det er arbeidet vårt me trøystar oss med, det er venskap me hyggjer oss i, det er kjærleiken mann og kvinne millom me byggjer på, det er kunst og vitskap me øyer av, det er voner um betre samfundstilstand og ei større tid for ætt me huggar oss med, og meir sovore.

Då den gamle tidi hadde røynt ut alle tenkjelege livskjeldor og inkje funne til å sløkkja torsten sin med, då gjekk det som eit jammerrop gjennom hjarto. Men då kom Kristus, då var tidi fullkomi, då var hjarto opne. Og ordi hans fall som dogg yver turr jord, som regn um våren. Han reiste det brotne strætet, han bles ald i den sloknande glodi. Dei utmødde kom til han og fekk styrke, dei som syrgde kom og vart glade, dei fatige kom og vart rike, dei sjuke kom og fekk helsebot. Sjølv var han helsebot,

Men det spelar upp. I arbeidet vårt kann me ikkje finna stor nok lukke. Mykje hugnad kann det gjeva, når det berre er godt. Men det vert ikkje nok; det gjev oss ikkje alt me treng, det stiller ikkje dei store krav. Det er endå so, at me

ikkje stend i det, utan me på ein måte kann få livsens vatn i byte for det, utan det peikar mot sjølv livskjelda. Det er ikkje sjølv ei sovori kjelda. Og venskapen, han er ofte so altfor grunn. Men um han er av rette slaget og so gild og herleg som han kann vera, endå til i dei høgste og finaste former: Kjærleiken millom mann og kvinne, og millom foreldre og born, — so kann han ikkje bera livet, ikkje stetta det skrikande krav i oss etter endeløysa. Og kunst og vitskap endå mindre. Det føder oss gjerne ei stund, fordi det let oss njota. Men snart er torsten like sterk i oss etter det som inkje auga hev sett og inkje øyra hørt. Me lengtar etter større kjærleik enn me ventar oss av menneske, større utsyner og betre njeting enn vitskap og kunst kann gjeva.

Øg kven kann vigja oss inn til dette? kven kann me lita på heilt til ven? kven kann gjeva oss den fullgode elsk? kven kann taka oss med til endelause utsyner? Ja me spør, og veit kannhenda inkje svar å finna eller få. Men Kristus sit på randi av brunnen våre og bed oss um å få vigsla all vår gjerning, og gjeva oss livsens vatn alle som er tyrste, so me aldri skal tyrsa meir, men få ei kjelde inni oss som vell til ævelegt liv.

Og dette er ikkje øre draumar. Tusund på tusund hev vitna ned igjenom tidene at dette var livet, og lovesongen hev vakna i hjarto og på tungor, so han ifrå dei eldste tider lyder til oss, og den dag idag lever og livnar, like frisk som fyrr. Det er liksom med våren, som alltid vert ny, like ny og ung.

Vår eigi tid treng serleg um ein storflaum av æveleg livsmakt inn-yver seg. Kvar dag ber nye vitnemål til oss um kor turre dei er alle brunnar som ein trudde var livsvatn i, kor det visnar og folnar i åndsens hagar, korleis tome ord stend i staden for liv, og kor hjarte-armt og magert livet er. Og det vert til rop inni oss og utanum oss: kvar skal me ganga, kven kann gjeva hjelp? Men livet vil sjølv svara at det kann ingen utan ein, han som synter oss endelaus sjølv-gløymande kjærleik.

Og yver alt arbeidet vårt må dette koma som den rette vigsling. Mo-